

# Lesja kommune

## VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I LESJA

Gjeldande frå 01.08.2023

### § 1 EIGARFORHOLD.

Barnehagane er eigde og blir drivne av Lesja kommune.

### § 2 FORMÅL, INNHOLD OG STYRINGSVERK.

- 2.1 Barnehagens formål er i samsvar med barnehagelovens § 1.  
Barnehagane skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar, rammeplan for barnehagen, kommunale vedtak, handlingsprogram og årsplan for barnehagane.
- 2.2 For å sikre eit godt samarbeid med foreldra / føresette skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.  
Samarbeidsutvalet består av to foreldre/føresette, to tilsette og to representantar for eigar.  
Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.  
Foreldrerådet består av foreldre/føresette til alle barna i barnehagen.  
Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra, bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø.

### § 3 OPPTAK.

- 3.1 Søknad til hovudopptak sendast via fastlagt skjema som ligg på Lesja kommune si heimeside, [www.lesja.kommune.no](http://www.lesja.kommune.no). Søkar prioriterer 1 og 2 for kva for barnehage ein ynskjer.  
**Søknadsfrist hovudopptak I: 1. februar.**
  - Opptak innan 1. mars og oppstart etter barnehageruta i august.**Søknadsfrist hovudopptak II: 1. september.**
  - Opptak innan 1. oktober og oppstart etter barnehageruta i januar.Dette gjeld både nye søknader og søknad om endring av tilbod.  
Opptak og endring av tilbod utover hovudopptak blir berre gjort ved ledig kapasitet på bemanning og areal. Inntak av barn som i henhold til Stortingets vedtatte bemanningsnorm utløser økning av bemanning skal behandles i Formannskapet.
- 3.2 Kommunedirektør har delegert opptaksmyndigheit til eit eige utval bestående av rådgivar oppvekst og styrarane.

### § 4 OPPTAKSVILKÅR.

- 4.1 ”Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage.» (§18)  
Det skal foretas en sakkyndig vurdering for å vurdere om barnet har nedsett funksjonsevne.  
Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barneverntenester §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage.
- 4.2 Rett til spesialpedagogisk opplæring blir utløyst på bakgrunn av sakkunnig vurdering.
- 4.3 Barnet har rett til plass etter lov om barnehagar § 16. dvs rett til barnehageplass i en av barnehagene i kommunen.  
Barn som fyller 1.år senast i utgangen av august det året det fyller 1.år har rett på plass frå august.  
De som fyller 1.år i september –november har rett på plass frå månaden det fyller 1.år.
- 4.4 Andre opptakskriteria, prioritert rekkefølge: -
  - Førskolebarn.
  - Utviding av plass og eventuelt byte av barnehage.
  - Sysken får plass i same barnehage.
  - Barn til foreldre med rett til introduksjonsordning, grunnskoleopplæring o.l
  - Etter alder.
- 4.5 Ein kan velja tre, fire eller fem dagar i veka.
- 4.6 Tildelt plass gjeld fram til skulestart eller til han blir sagt opp.
- 4.7 Oppseiing av barnehageplass må skje skriftleg med ein månads varsel frå den 01. Plassen kan nyttast i oppseiingstida. Dersom barnet sluttar etter 1. mai, må det betalast for heile barnehageåret.



# Lesja kommune

Dei som har takka ja til plass for nytt barnehageår, og etter 1. mai seier opp plassen, må betale for motteke plass ut september.

- 4.8 Ein kan søkja om fritak for betaling ved sjukdom (min.ein mnd).

Søknaden vert avgjort av kommunedirektøren

- 4.9 Ein må betale for barnehageplassen ved permisjonar og fråver utover 5 vekers pålagt ferie.

## § 5 KLAGETILGJENGE.

- 5.1 Klage på opptak må sendast kommunedirektøren for handsaming innan tre veker etter motteke opptaksresultat. (Jf. Forvaltningsloven § 28, 2.ledd og Kommuneloven § 40, 3c).

## § 6. TILSETTE.

- 6.1 Alle tilsette må levere politiattest. Dette gjeld og vikarar og andre som oppheld seg i barnehagen.

- 6.2 Personalet har teieplikt, Forvaltningsloven §§ 13 til 13f.

- 6.3 Personalet har melde- og opplysningsplikt til barnevernet, barnehagelovens §§ 46

## § 7. BEMANNINGSNORM.

«Bemanningen må være tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredsstillende pedagogisk virksomhet. Barnehagen skal minst ha én ansatt per tre barn når barna er under tre år og én ansatt per seks barn når barna er over tre år. Barn skal regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år.» (Lov om barnehager: § 26 Grunnbemanning). Det skal vere minimum ein pedagogisk leiar pr 14 barn over 3 år og pr 7 barn under 3 år.

## § 8. INTERNKONTROLL.

Barnehagen fylgjer forskrift om miljøretta helsevern for barnehagar og skular, samt forskrift om systematisk helse, miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften).

## § 9. OPNINGSTIDER

- 9.1 Barnehagane er opne alle yrkedagar frå måndag til fredag.

- 9.2 Barnehagane er stengt i påska (måndag, tysdag og onsdag før skjærtorsdag) og jul (f.o.m. 24.12-01.01)

Barnehagane byter annakvart år på tilbud om felles sommaropen barnehage, unntatt 4 dagar for ansatte sine kurs- og planleggingsdagar.

- 9.3 Alle barn skal i løpet av barnehageåret ha minst fem veker ferie, av dette minimum tre veker samanhengande om sommaren.

- 9.4 Barnehagane har åtte planleggings- og kompetanseutviklingsdagar i løpet av barnehageåret, desse er tidfesta i barnehageruta. Barnehagane er da stengt.

- 9.5 Barnehageåret går frå medio august til medio august, nærare fastsett i barnehageruta.

- 9.6 Dagleg opningstid er kl. 07.15 – 16.30, men dette kan endrast av sikkerhets- og smittevern årsakar.

- 9.7 Skal andre enn den barnet bur hos hente i barnehagen, skal dette på førehand avtalast med barnehagen.

## § 10. HELSE OG HELSETILSYN.

- 10.1 Foreldre må legge fram erklæring om barnet sin helsetilstand før det byrjar i barnehagen (Barnehagelova § 50)

- 10.2 For å kome til barnehagen må barna vere så friske at dei kan delta i aktivitetane, også ute. Dei skal vere feber- og smittefrie.

- 10.3 Styrar avgjer om barnet, av omsyn til seg sjølv eller andre, kan vere i barnehagen.

- 10.4 Kollektiv ulykkesforsikring er teikna for alle barna i barnehagane.

## § 11 OPPHALDSBETALING.

- 11.1 Betaling for opphald følger makspris fastsatt av Stortinget.

Foreldrebetalinga og kostpengar blir fastsett av kommunestyret.


- 11.2 Foreldre betaler for 11 mnd. Halve juli og halve august er betalingsfri. Det vert sendt ut 12 rekningar.

- 11.3 Foreldre skal ha minst ein månads varsel ved endring i opphaldsbetalinga.

- 11.4 Det vert gjeve søskenmoderasjon frå og med det andre barnet. 30% søskenmoderasjon for barn nummer to og 50% for barn nummer tre og fleire.

- 11.5 Foreldre kan søkje om redusert betaling etter gjeldande statleg ordning.

Søknadsskjema på kommunen si heimeside



# Lesja kommune

---

- 11.6 Betaling løper frå dato med tilbod om barnehageplass, hovedopptak 16. august og 1. januar.
- 11.7 Ved ledig plass og løpende opptak betales det frå 1. i den månaden barnet startar
- 11.8 Ved for sein henting (jf gjeldande opningstid) blir foreldre / føresette fakturert etter vedtekne satsar.

## § 12 SAL AV DAGPLASSAR.

- 12.1 Styrarane har moglegheit til å selje enkeltdagar til dei med ordinær plass.  
Prisane blir fastsett av kommunestyret. Summen blir fakturert saman med ordinær opphaldsbetaling.

## § 13 AREALNORMER.

- 13.1 Barnehagane i Lesja har felles norm for opphalds- og leikeareal inne.  
Norma ligg innafor Kunnskapsdepartementet (KD) sine retningsliner for areal (minimum).  
Rettleiande norm er 4 m<sup>2</sup> for barn over tre år og 5,3 m<sup>2</sup> for barn under tre år.  
Uteareala i båd barnehagane i Lesja er gode og godt over norm.
- 13.2 For Lesja barnehage vil dette seie at det er areal til 26 barn under tre år og 36 barn over tre år.
- 13.3 For Lesjaskog barnehage vil dette seie at det er areal til 12 barn under tre år og 22 barn over tre år.
- 13.4 Barnegruppene kan organiserast slik at areala best mogleg kan nyttast, både avdelingsvis og med familiegrupper / aldersblanding.